

Høyringsvar til NOU 2020:15 *Det handler om Norge*

Vi viser til NOU 2020:15 Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene – som no er sendt på høyring rundt om i landet. Utvalet oppfordrar alle høyringsinstansar til å spela inn kommentarar til dei føreslåtte tiltaka, og nye tiltak som ikkje er inkludert i NOU-en.

Oppdraget til utvalet, leia av Victor Normann, har vore å koma med innspel til korleis ein kan fremje levelyst på bygdene. Det er mange gode tankar i NOU-en, men eit av forslaga har vi særleg behov for å kommentere. I kapittel 10.7.4 er det føreslått ei «tilskuddsordning som gir økonomisk bistand til sanering av skjemmende objekter».

Fleire meiner dette kapittelet er problematisk. I kapittelet les vi vidare at: «områder der folketallet har gått ned over tid, vil man også kunne se bygningsmessig forfall og fysisk forslumming. Det koster å vedlikeholde en bygningsmasse. Det koster også å rive, og eiernes motivasjon for å bruke tid og ressurser på en mer eller mindre verdiløs bygningsmasse er ofte lav.

Opphopping av bilvrak og annet skrot underbygger mange steder inntrykket av forlatthet, og det bidrar til å redusere stedets attraktivitet både for gjester og fastboende. Så vel natur- som kulturlandskap er å anse som fellesgoder. Derfor angår ikke fysisk forslumming bare lokalsamfunnet, det berører også nasjonale verdier. Danmark har siden 2010 hatt en ordning med statlig delfinansiering til renovering eller riving av felleferdige hus.

Evalueringer har vist at denne ordningen i stor grad blir vurdert å bidra til et mer attraktivt lokalmiljø. En tilskuddsordning som gir økonomisk bistand til sanering av skjemmende objekter, særlig en ordning som retter seg mot de mest eksponerte bygningene og arealene, ville kunne bidra positivt til stedsutvikling i områder der fysisk forslumming er påtakelig eller truer. En slik ordning ville også gjøre det lettere for en kommune å øve press mot eierne av bygningene og arealene.»

Det er inga tvil om at slike miljø finst, og at ei opprydding kan vera på sin plass. Men kven skal bestemma kva som fyller desse kriteria? Det som ser ut som skrap for nokon, kan for andre vere moglegheiter – og uerstattelege kulturminneverdiar.

Vi veit i dag at ein av dei største miljøsyndarane i samfunnet er byggenæringa. Mykje av den eksisterande bygningsmassen blir rive – og nytt blir bygd – i eit forrykande tempo. Både rivinga og produksjonen av nye materialar er svært energikrevjande. I tillegg kjem ofte transport over store avstandar.

Det er heldigvis tunge aktørar, også utanom dei med sterke verneinteresser, som no ser at det kan vere betre å setja i stand det ein har, enn å rive og bygga nytt. Slike haldningar er betre for miljøet, og dei kan bidra til å gjera bygdene våre meir interessante, både for tilreisande og for faste innbyggjarar. For, vi må bli flinkare til å tilpasse ny bruk til gamle hus. Og vi må bli flinkare til å sjå den eldre bygningsmassen som ein resurs. Ikkje berre som eit hus å bu i, men som miljøskapande element i eit reiselivsperspektiv. Både dei tilreisande og vi som bur her vil ha noko godt å sjå på i kulturlandskapet. Skal det vera godt å sjå på må det haldast i hevd.

Om det no blir slik at ein kan få støtte til å riva det sume vil kalle skjemmande bygningsmasse, fryktar vi at dette kan få alvorlege konsekvensar for kulturminna. Kommunane, som er tiltenkt ei rolle i denne vurderinga, har ofte liten kompetanse på området og viljen til å søkje kontakt med dei kulturminnefaglege miljø er heller liten. Og sjølv om Riksantikvaren no vender seg til kommunane og ber dei samordne kulturminneinnsatsen sin betre med fylkeskommunane og musea, er det i praksis få av kommunane som vil gjere det. Viljen til vern er ofte svak, særleg i dei mindre kommunane. Riving av hus skjer i stor skala, gjennom kommunale vedtak etter plan- og bygningslova. Kommunane treng hjelp til å sjå *alternativa* til riving, ikkje få insentiv til meir riving. Hovudmålet bør alltid vera å ta vare på, setja i stand og bruke bygningane vi har.

Historia viser at vilkåra for bevaring er svak. Historia fortel oss òg at vi ofte valde feil. I staden for å få støtte til å riva bør rammene for å setja i stand og ta vare på bli større. Mogleghetene som huseigarar har til tilskott frå Kulturminnefondet SMIL-ordninga er viktige, men rammene her må ikkje blir mindre, slik regjeringa no nettopp vedtok. Dei må bli større.

I kjølevatnet av at det vert bevilga pengar til restaureringar kjem behovet for at fleire utdannar seg innan bygningsvernet. Antikvarisk handverk er ei vekstnæring. Eit ledd i å skapa bulyst og å ta vare på ungdomen på bygda er å visa at vi har bruk for dei, og at historiske bygningar kan vere ein ressurs, ein verdi, eit gode. Vi skal vera stolte av det som dei som var her før oss har skapt, og vise respekt for kvalitetar og godt handverk. Det vi riv vil vere borte for alltid, både dei aktuelle objekta og historia rundt og om dei.

Dei som vel å busetja seg på bygda i dag, tar eit aktivt val. Det er nettopp forankringa til natur, kultur og historie som for mange er avgjerande, og som veg opp for dei mange tilboda i byen. Gamle bygningar er ikkje det som stoppar unge menneske i å velja bygdelivet.

Skal me nå dei nasjonale kulturminnemåla, om at kulturminne blir sikra som eit gode og ein ressurs for ettertida, må ikkje staten skapa usikkerheit rundt kulturminnepolitikken. Det gjer denne NOU-en. I staden må ein følgje måla uttrykt gjennom stortingsmelding 16, nye mål for kulturmiljøpolitikken, som vart lagt fram i april i år. Med den seier regjeringa at «gjenbruk og istandsetting av kulturminne er samfunnsnyttig av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi.» Statsråd Rotevatn, som har ansvaret for kulturminnepolitikken seier vidare at «kulturmiljø er

eit felles gode som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Slik sett er kulturmiljø ein del av løysinga på samfunnsutfordringane i vår tid».

Beste helsing

Odd Arne Rudi
Bygningsvernrådsgjevar
Valdresmusea

Nina Espeseth Grønbrekk
Leiar
Verne Vøla